



Verksemda sitt namn:	Indre Hordaland Miljøverk IKS, Bjørkemoen	Arkivkode:	2009/0078
Verksemda si adresse:	Bjørkemoen 60 5700 Voss	Anleggsnr:	1235.045.02
Organisasjonsnr:	971155876	Bransjenr.(NACE –koder):	90020
Utslippsløyve av:	07.04.1995	Tidsrom for kontrollen:	15.01.2009
Tilstade frå verksemda:	Kåre Flatlandsmo Gunnar Bråten	Frå Fylkesmannen:	Astrid Holte Kjell Kvingedal Barbro Relling

Rapporten inneheld:

Denne rapporten omtalar dei avvik og merknader som vart funne innan følgjande kontrollerte område:

- Tiltak for å hindre sjenerande lukt til nærmiljøet
- Drift av gassanlegget
- Klagehandtering
- Internkontroll

Hovudkonklusjon:

Under inspeksjonen ble det påvist følgjande avvik:

1. Det er ikkje gjennomført tilstrekkeleg tiltak for å hindre at drifta av avfallsdeponiet ikkje medfører sjenerande lukt for nærmiljøet.

Utarbeida dato: 11.03.2009

Godkjent dato: 11.03.2009

Sign.:

Sign.:

Sakshandsamar

Seksjonssjef

1. Innleiing

Rapporten er utarbeida etter ein inspeksjon ved Indre Hordaland Miljøverk den 15.01.09. Inspeksjonen er ein del av Fylkesmannen sitt arbeid med å handheve gjeldande krav for å beskytte det ytre miljø. Inspeksjonen fokuserer på at krava skal følgjast og rapporten beskriv eventuelle avvik og merknader som vart avdekkja under inspeksjonen. **Rapporten gjev såleis ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.**

Definisjonar på eit avvik og ein merknad er slik:

AVVIK vert definert som brot på vilkår gjeve i utsleppsløyvet eller gjeldande lover og forskrifter.

MERKNAD er eit tilhøve som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik, men som Fylkesmannen meiner det er rett å peike på for å ivareta og forbetre det ytre miljø.

Alle tilsynsrapportar frå Fylkesmannen i Hordaland er offentlege og vert lagt ut på vår nettstad <http://www.fylkesmannen.no/hordaland>.

2. Dokumentunderlag

Dokumentunderlag for inspeksjonen var:

- Utsleppsløyve med vilkår av 07.04.99
- Utredning luktulemper fra sluttbehandling på Bjørkemoen – Bjørn E. Berg, datert 04.07.08
- *Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall* (avfallsforskrifta) kap. 9, deponering av avfall
- *Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter* (*Internkontrollforskriften*)

3. Omfang

Følgjande område var kontrollert under inspeksjonen:

- Luktutslepp
- Tiltak for å redusere luktutslepp
- Internkontroll – risikovurdering
- Klagehandtering

Fylkesmannen har under inspeksjonen ikkje vurdert andre tilhøve ved verksemda.

4. Avvik

Følgjande avvik vart avdekka under inspeksjonen:

Avvik 1:

Det er ikkje gjennomført tilstrekkeleg tiltak for å hindre at drifta av avfallsdeponiet ikkje medfører sjenerande lukt for nærmiljøet.

Avvik frå:

Utsleppsløyve av 07.04.1995 pkt. 5.4 Lukt: anlegget skal drivast slik at nærmiljøet ikkje vert sjenert av lukt.

Kommentarar:

I samband med inspeksjonen vart det registrert kraftig luktutslipp frå tre punktkjelder ved anlegget. Dette gjeld:

- **Overrislingsanlegget der sigevatnet vert oksidert** (pkt 1)
- **Lufteluka på sigevassreinseanlegget** (pkt 2)
- **Pumpestasjonen for sigevatnet** (pkt 4).

Desse tre kjeldene er også registrert som 3 av 8 observasjonar/kjelder med forslag til tiltak som konsulent Bjørn E. Berge gjennomførte våren 2008 på oppdrag for IHM.

Verksemda opplyste ved inspeksjonen at ein konsulent er engasjert for å utrede desse tre punktkjeldene nærare og at tiltak er planlagt gjennomført i løpet av 2009.

Fylkesmannen forventar at dei kartlagde tiltaka blir gjennomført så snart som råd og i trå med ein tidfesta plan. Denne planen, inkludert ein plan for evaluering av effekten av dei gjennomførte tiltaka, skal sendast fylkesmannen **innan 1. mai 2009**.

Når det gjeld dei andre forslaga på tiltakslista, er status følgjande:

- **Diffusjon av deponigass inn i reguleringsstasjon** (pkt 3):
Her er det gjennomført tetting av lekkasje rundt gassrørleidningane.
- **Dreneringskum på utsida av reinseanlegget** (pkt 5):
Her er det gjennomført tiltak
- **Høg produksjon av H₂S ved gassbrønn 9 og 10** (pkt 6):
Det er i dette området det blei deponert gips i 2006 og det er truleg ein grunn til den høge H₂S produksjonen. I samband med etablering av nytt gassanlegg er dette området tatt med og drifta av gassanlegget er også tilpassa desse tilhøva. Tre nye gassbrønner er etablert, men ikkje kopla til anlegget enno.
- **Automatisk oppstart av fakkell ved driftstans av motor for el-produksjon** (pkt 7):
IHM har vurdert at den etablerte vaktordninga med alarm på gassanlegget som er kopla til mobiltelefon er tilstrekkeleg for å raskt sette gassmotoren i gang etter evtl. driftsstop. Det er i dag 95% driftstid på gassmotoren, og gassanlegget er berre nede i samband med revisjonar og vedlikehaldsstoppar. Fakkelen blir derfor berre unntaksvis nytta.
- **Gassuttak på eldste del av deponiet (1980-90)** (pkt 8):
Verksemda har i dag ikkje tilgang til denne delen av fylling, og kan derfor ikkje vurdere om det er naudsynt med gassbrønner på denne delen. Fylkesmannen vil følgje opp dette nærare med grunneigar.

Under inspeksjonen vart det ikkje registrert sjenerande lukt ved næraste nabo til deponiet, men både fylkesmannen og IHM har tidlegare mottatte skriftlege klager på lukt. Næraste nabo til avfallsdeponiet ligg i dag delvis på den eldste delen av deponiet og må derfor forvente noko lukt frå anlegget. IHM må likevel sørge for at dette blir redusert til eit minimum.

I etterkant av inspeksjonen har fylkesmannen vore i kontakt med Voss kommune som opplyser at dei det siste halve året har registrert auka klage på lukt frå deponiet, også ned til Voss sentrum.

IHM meiner sjølv dei har høg fokus på luktutslepp og at dei gjer godt arbeid i høve til dette. Dei underslår imidlertid ikkje at det har vore luktulemper, særleg i samband med spesielle klimatiske tilhøve som etter store nedbørsperiodar og i kuldeperiodar.

Fylkesmannen forventar at fare for luktutslepp blir ein driftsparameter som blir lagt til grunn i heile organisasjonen.

5. Andre tilhøve

Handtering av luktklagar

Verksemda opplyste at dei hadde mottatt få klager på luktutslepp og at dei derfor ikkje har oppretta eigne rutinar for å handtere desse. Lukt blir teke opp som tema på dei regelmessige vernerundane, enten det kjem pga klage eller det blir registrert og teke opp av dei tilsette sjølv. Dette blir så teke vidare opp i personalmøte og tatt med i referatet frå møtet.